

Notat

Frå: Fylkesdirektør for næring og kultur

Til: Hovudutvalet for næring og kultur

Deltaking i EU-prosjektet "Rural focused European creative and cultural cooperation project."

HNK gjorde fylgjande vedtak i HNK-sak 68/16:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som partner i «Rural focused European creative and cultural cooperation project»
2. Prosjektet har som mål å utveksle erfaring med turnering av kultur i rurale område og å utveksle kulturprogram mellom dei ulike partnerlanda. Prosjektet går over tre år med oppstart våren 2017, og vert ein prioritert innsats i Den kulturelle skulesekken i prosjektperioden
3. Det vert løyvd €150 000 (tilsvarande om lag 1,4 mill kr) av fondsmidlar øyremarka Den kulturelle skulesekken, funksjon 77113.

Status for prosjektet pr. november 2016:

- Søknaden for prosjektet vert sendt 1.november 2016
 - Partnerland er: England, Spania, Italia, Estland og Litauen
 - Assosierte partnerar: Norge (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Sverige (Vårmland kultursentrum) og England (Turnèorganisasjonen Carn to Cove)
 - Nokre av medlemslanda skil seg ut med eit godt utbygd turnèapparat. Desse blir av den grunn endra til assosierte partnerar og vil tilføre prosjektet erfaring frå eigen aktivitet. Det er ikkje aktuelt for desse landa å gå inn i alle delar av prosjektet rundt oppbygging av apparat for turnering
 - Det er forventa svar på søknaden vår 2017
- Mai 2017
 - Partnerane signerer avtalen
- Mai – november 2017
 - Utvikle nettsider og anna informasjon om prosjektet
- September 2018 – desember 2020
 - Turnering i dei ulike landa
 - Ein turnè i DKS Sogn og Fjordane pr. år frå eitt av landa. 15 turnèdagar
- Januar – april 2020
 - Turnere norsk produksjon i to av partnerlanda. 15-20 turnedagar
 - Det er oppretta dialog med aktuell aktør for ein produksjon til turneen.
- Desember 2020
 - Rapportering på prosjektet